

## **Møte i FAU v/Bygstad skule, 13. januar 2025**

Møtet vart gjennomført digitalt etter innkalling frå Ingeborg Grinde (leiar FAU).

### **Deltakarar**

Ingeborg Grinde, Hilde Marie Solheim, Ole Magnus Mo, Hanne Mundal, Håvard Korsvoll, Linn Terese Engvik, Ida Cecilie Systad (vara for Jeanette Haugsbø)

### **Agenda:**

#### **1. Oppgradering av ballbingen – status**

Vi har ikkje nok eigenkapital til å starte med å søke om spelemidlar. Ballbingen blir prioritert i 2025, aktivitetspark blir neste punkt når vi har fått inn meir midlar. Søknad sendt inn til kommunen i september. Basert på innkomne tilbod frå Hauken Sag og Høvleri og Utemiljø Sandane er totalkostnad for oppgradering 384 169 inkl. mva. Fjerning av eksisterande dekke, riving av trevirket samt montering kan gjerast på dugnad, noko som vil redusere totalbeløpet.

FAU må truleg nytte omlag kr. 40 000 av midlane vi har på konto som eigenfinansiering ifm. oppgraderinga. Vi må gjere oppdatert vedtak om bruk av FAU-midlar til oppgradering av ballbingen så snart Ingeborg har motteke oppdaterte berekningar/krav om eigenkapital frå kommunen. Ingeborg gir beskjed når dette er avklart, og Håvard sender då ut vedtak for digital signering i FAU.

#### **2. Arrangement Bygstad skule 25 år – innsamling til FAU**

Skulen har planlagt å ha ei markering av jubileet den 12. februar kl. 13.00. Rektor er positiv til at FAU/foreldre arrangerer eit kveldsarrangement i samband med jubileet, der inntektene går til oppgradering av uteområdet. Eit slikt kveldsarrangement må ikkje finne stad same dag som den formelle markeringa. Skulen kan eventuelt bidra med songinnslag eller liknande.

FAU-representantane har undersøkt stemninga for eit slikt arrangement i klassane. Det er ikkje så stor respons, men fleire har nemnd Spleis og å få støtte frå verksemder som alternativ til t.d. basar som krev mykje innsats i forkant.

FAU er samde om at ein bør kombinere Spleis/ sponsorbidrag frå verksemder mv. med eit kveldsarrangement. Her kan ein ha kafesal, enkelt lotteri, samt nokre innslag frå scena (song v/elevane, gjerne songen som vart laga i samband med opninga av skulen. Litt om historia til skulen, t.d. frå dei som var i komiteen ifm. bygging av skulen, markering av bedrifter som har gitt støtte til oppgradering av uteområdet mm. FAU deler ut mot mobbing-luer til 1. trinn.

Dato for arrangement: 27. februar eller 6. mars. Ingeborg avklarar med Stian kva dato som passar best

Komite: Hilde Marie, Håvard, Ingeborg

Oppfølgingspunkt:

- Håvard sørgjer for å få oppretta ein spleis så raskt som mogleg. Mål: 150 000 kr.
- Ingeborg følgjer opp ifm. brev med førespurnad om støtte som skal sendast ut til lokale verksemder
- Hilde Marie undersøker om det er overskotsmidlar frå innsamling til skuletur på ungdomsskulen, og om noko av dette i tilfelle kan gå tilbake til Bygstad skule for oppgradering av uteområdet

For å skaffe nok midlar til også å kunne oppgradere aktivitetspark til neste år bør vi også søke Sparebankstiftinga, evt. andre stiftingar, midlar frå ungdomsrådet mm. For slike søknader er det ein klar fordel at vi kan vise til eigeninnsats i forkant, og slike søknader venter vi difor med å sende inn til etter at vi har gjennomført 25 års-arrangement.

### **3. Neste møte**

27. januar kl. 20.00 (SU-møte først). Agenda for FAU-møtet: 17. mai., og kva tiltak vi må gjere for å gå med overskot på dette arrangementet.

### **4. Eventuelt**

Ole Magnus informerte om at hytta skulen vil ha vekk frå uteområdet vil barnehagen ha, den vert flytta dit.

Møtet varte frå kl. 20.00 – 21.05.